

Utviklingsplan 2022-2023

Orre skule



Innleiing

Skuleåret 2021-2022 blei Orre skule ein barneskule for fyrste gong sidan 1979. Det markerte ein ny æra for skulen og for bygda. Skulen ynskjer framleis å spele ei rolle for bygda, også for dei som ikkje har elevar i skulen. Skuleåret 2020-2021 arbeidde skulen med nye satsingsområde og med å laga ei ny pedagogisk plattform. Skulen ynskjer å ta elevane ut i bygda og bygda inn i skulen. Ved å trekke nærmiljøet inn i opplæringa, ynskjer skulen å lage undervisninga meir praktisk, inkluderande og relevant for elevane våre. Å kjenne bygda si handlar også om identitet og historisk medvit. Å kjenne seg sjølv, staden og kulturen ein kjem i frå er viktig for å skape medvitne borgarar som kan vere med å føre kulturarva vidare til komande generasjonar. Bygda vil også i framtida trenge sterke stemmer som tar kloke, berekraftige val og bidreg til at Orre og i framtida er ein god stad å vokse opp.

Skuleåret blir eit byggjeår. 79-bygget skal rehabiliterast og byggjast om for å passe til ein barneskule på 2020-talet. Det vil alltid vere innhaldet i skulen som definerer kva som er skulen, og ikkje dei fysiske omgjevnadene. Dei fysiske omgjevnadene er likevel viktige rammefaktorar ein må ta omsyn til når ein skal drive skule. I det nye bygget ynskjer skulen å lage ein skaparverkstad, der dei tradisjonelle handverksfaga blir foreint med teknologi og programmering. *Sirkulær økonomi* er eit omgrep som forklarar prinsippet om at ein verksemd tar vare på «*verdien av produkter, materialer og ressurser så lenge som mulig ved å utnytte og gjenbruke ressursene meir effektivt*»¹ I skaparverkstaden vil elevane lære å skape nye produkt av restmateriale og øydelagde ting. Ved å sette dette i ein større samanheng, er målet å leggje til rette for at elevane i framtida vil vere i stand til å ta kloke, berekraftige val på vegne av seg sjølv og komande generasjonar.

Førre års utviklingsområde var *Grunnleggjande ferdigheiter og inkluderande, praktisk og variert undervisning*. Skulen vil halde fram med desse utviklingsområda.

Analyse av Orre skule sine resultat for læringsmiljø og læringsutbytte

I det handlingsrommet som skulen har, er det avgjerande med gode analyser som grunnlag for prioritering av vidare arbeid med skuleutvikling. Analyse av resultatata av blant anna elevundersøkinga, kartleggingsprøver og nasjonale prøver, dannar noko av grunnlaget for vidare prioriteringar.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/forurensning/sirkular-okonomi/hva-er-sirkular-okonomi/id2701032/>

Det er og viktig at skuleleiinga legg til rette for og leiar prosessar som sikrar medskaping, eigarskap og lokal forankring til skulen sin utviklingsplan. I Meld. St. 21 blir lærarprofesjonen si rolle framheva som viktig når det gjeld kvalitetsutvikling i skulen. «Å involvere profesjonen i beslutningar gir et bedre grunnlag for å avgjøre hvilke tiltak det er behov for... på den enkelte skole. Det betyr også at forankringen blir bedre og potensialet for endring større.»² Overordna del i LK20 seier også noko om profesjonsfellesskapet og skuleutvikling:

«Alle ansatte i skolen må ta aktivt del i det profesjonelle læringsfellesskapet for å videreutvikle skolen.»³

Skulen har evaluert tiltaka frå førre utviklingsplan gjennom skuleåret. Det har vore nødvendig å justere tiltak undervegs. Nokre av tiltaka har ein ikkje fått gjennomført. Prosessane rundt evalueringa har vore konstruktive. Det er nyttig og motiverande å stoppe opp og sjå at organisasjonen utviklar seg, og at organisasjonen i lag utviklar ny kunnskap. Det er samtidig nødvendig å reflektere over kvifor ein ikkje ser same utviklinga på alle område.

Det er viktig at elevane har moglegheit til reell innflytelse på eigen skulekvardag. På Orre involverer me elevane i analysearbeid kring elevundersøkinga. I fellesskap kjem me fram til tiltak. Desse tiltaka kan ein sjå igjen i denne planen.

² Meld. St. 21 (2016- 2017) Melding til Stortinget. Lærelyst- tidlig innsats og kvalitet i skolen, s. 92

³ Overordna del- verdier og prinsipper for grunnopplæringa, 01.09.2017, s. 19

Trendutvikling læringsresultat

1.trinn

Skuleåret 2021/2022 blei det ikkje gjennomført kartleggingsprøve på 3.trinn, berre på 1.trinn (lesing og rekning). Hensikten med kartleggingsprøvene er å hjelpe lærarane til å finne dei elevane som treng ekstra hjelp dei i løpet av dei første skuleåra.

Resultat - kartleggingsprøver					
			2019/2020	2020/2021	2021/2022
Trinn	Type kartleggingsprøve	Delprøve	Antal elever under kritisk grense	Antal elever under kritisk grense	Antal elever under kritisk grense
1.trinn	Lesing	Å skriva bokstavar	2 elevar (9%)	3 av 20 (15%)	5 av 19 (26%)
		Å finna lydar i ord	2 elevar (9%)	0 av 20	3 av 19 (15,7%)
		Å lesa ord	3 elevar (13%)	0 av 20	5 av 19 (26%)
		Å stava ord	3 elevar (13%)	0 av 20	2 av 19 (10%)
		Å lesa er å forstå	1 elev (4%)	0 av 20	2 av 19 (10%)
	Rekning	Heile prøva	6 elevar (26%)	1 av 20 (5%)	1 av 19 (5%)


Dette skuleåret har skulen fleire elevar under kritisk grense i lesing enn tidlegare år. Skulen har hatt gode erfaringar med På Sporet dei to siste åra. Dette året har ikkje skulen klart å gjennomføre dette opplegget slik det er tenkt. Årsaka er fråvær blant tilsette og lærarskifte på 1.trinn. Dette trinnet vil få På Sporet på 2.trinn. Ein har fanga opp dei elevane som strever og ein har sett inn tiltak på individ – og gruppenivå. I rekning har ein det same resultatet som førre år. Her har ein sett inn tiltak på individnivå. Elevane har vist framgang etter at elevane har blitt retesta.

5.trinn

På nasjonale prøver blir elevane delt inn i ulike meistringsnivå, frå 1 til 3 på 5. trinn. Resultata er oppgitt i skalapoeng. Landsnittet ligg i år på 50 skalapoeng.

Dette skuleåret er det stor usikkerheit knytt til resultata på nasjonale prøver på Orre skule. Skulen kan ikkje vite om det er eit reelt resultat. I prøva i lesing var det store utfordringar med nettverket, og elevane hadde ei dårleg oppleving under prøva. I prøvene i rekning og engelsk har elevar blitt «nulla» etter ein teknisk svikt i PAS. Det vil seie at desse elevane står oppført med 0 poeng, sjølv om desse gjennomførte prøva.

Engelsk




Orre, som ein liten skule, opererer med ein stor statistisk usikkerheit. Sjølv om ein i engelsk hadde heile 6 skalapoeng under førre års resultat, er det her ein overlapp i resultata. Det betyr at ein ikkje med sikkerheit kan fastslå at det er ein reell nedgang på gruppenivå. På denne prøva har me elevar som står med 0 poeng. Det får utslag for eit lite trinn. Resultata i engelsk har likevel vore svake dei siste åra. Skulen jobbar for at fleire lærarar skal få heve sin kompetanse i engelsk.

Lesing

Skalapoeng – utvikling over tid – lesing 5. årstrinn


Orre skule



Orre skule, 5. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Begge kjønn

Skulen har same resultat som førre år (47), som er ein nedgang frå året før. Dei føregåande åra hadde skulen 44 skalapoeng. Det er ikkje mogleg å vite korleis resultatet hadde vore viss gjennomføringa hadde vore optimal, nokre elevar mista motet når det gjentatte gonger blei kasta ut av prøven.

Rekning






Heller ikkje i rekning kan ein slå fast at det er ei reell endring i resultat på gruppenivå. Usikkerheita er satt til 2,6 i år og 4,0 i fjor. Det vil seie at det er ein overlapp i resultat. Også på prøva i rekning har vi elevar som står med 0 poeng, sjølv om dei har gjennomført prøva.

Samanlikna med kommune, nasjon og fylke gjer Orre det svakare i rekning, lesing og engelsk. Viss ein samanliknar med 5.trinn frå åra før (sjå tal over), ser ein at resultatata i engelsk og rekning er svakare enn åra før, medan lesing er likt målt mot førre skuleår.

Sjølv om skulen ikkje kan stole på resultatata frå skuleåret 21/22 er ein likevel bekymra for det faglege nivået. Skulen har, over tid, hatt svake faglege resultat. Det har vore ein positiv trend dei siste tre åra. Bekymringa handlar om at ein har for få elevar på nivå 3 og for mange elevar på nivå 1. Det hadde me dette skuleåret, førre skuleår og åra før det. Ein ser likevel at ein har klart å løfte elevar på dette trinnet frå kartleggingsprøvene på 3.trinn. Det var mange elevar under kritisk grense på 3.trinn, medan ein nå har færre elevar på nivå 1. Skulen har løfta for få elevar frå middels til høgt nivå.

Etter nasjonale prøver har dette trinnet vore med på Norlis lesekonkurranse. Trinnet vann denne for 5.trinn. Ein har målt elevane haust og vår på Staveprøven, ordkjedetest og Setningsleseprøven.



Dei oransje tala syner haust og dei grønne tala syner vår.

Det har vore stor framgang frå haust til vår for mange elevar og framgang for nær sagt alle. Størst framgang er det på staveprøva som seier noko om elevane si medvit kring rettskriving, og setningsleseprøva, som seier noko om elevane si merksemd og leseforståing. Tala seier samtidig at det var svake resultat hausten 2021. Det er også inntrykket ein får når ein ser resultatata frå nasjonale prøver.

Elevundersøkinga

Tabellen under syner resultatata frå Elevundersøkinga fordelt på emna: trivsel, støtte frå lærarane, støtte frå heimen, fagleg utfordring, vurdering for læring, læringskultur, meistring, motivasjon, elevdemokrati og medverking, felles reglar, og antal elevar som opplever mobbing på skolen.

Dei tre siste åra har elevane, i lag med lærarane, arbeidd med resultatane på elevundersøkinga. Elevane har vore engasjerte frå førebuinga til gjennomføring og analyser. Elevane har vore ivrige deltakarar og kome med gode, konstruktive innspel til kva tiltak dei meiner skal til for at alle elevar skal få det betre på skulen.

På Orre skule er utvalet så pass lite at ein skal vere varsam med å tolke endringar i resultat som eit uttrykk for reelle endringar. Likevel kan vi på Orre sjå ei positiv endring i resultat på område der vi i lag med elevane har kome fram til tiltak, medan vi ikkje kan sjå den same framgangen på område der vi ikkje har hatt særskilt fokus.

7.trinn

	2019-20	2020-21	2021-22
Indikator - Spørsmål	Snittsvar	Snittsvar	Snittsvar
+ Læringskultur	3,8	4,0	3,7
+ Elevdemokrati og medvirkning	4,0	3,8	3,5
+ Faglig utfordring	3,9	3,7	3,9
+ Felles regler	4,2	4,0	4,1
+ Trivsel	3,8	4,3	4,0
+ Mestring	4,0	3,9	3,8
+ Støtte fra lærerne	4,2	4,0	4,0
+ Motivasjon	3,5	3,8	3,3
+ Vurdering for læring	4,1	3,7	3,1
+ Støtte hjemmefra	4,3	3,9	3,8

Som ein ser har ikkje årets 7.trinn vore særleg tilfreds med skulen, samanlikna med 7.trinn dei førre åra. Sist skuleår bestemte elevane og lærarane i lag å fokusere på lekser og meir praktisk undervisning. Elevane var ikkje nøgd med leksene på skulen. Dei var for vanskelege og tok for mykje

tid. Elevane meinte også at det ikkje alltid var lett å forstå kvifor ein skulle gjere nokre av leksene. Tanken var at meir praktisk undervisning og betre lekser skulle bidra til auka motivasjon og trivsel.

Ein kan ikkje sjå av resultata at ein har fått auka motivasjon og trivsel når ein ser på indikatorane for 7.trinn. Går ein inn og ser på svar for lekser, ser ein likevel at elevane frå årets 7.trinn i større grad enn i fjor meiner at dei får lekser dei kan greie på egen hand.

	I alle eller de fleste fag	I mange fag	I noen fag	I svært få fag	Ikke i noen fag	Har ikke lekser	Snitt
Får du lekser som du greier å gjøre på egen hånd?							
Orre skule (Høst 2021) - 7. trinn	11	6	-	-	0	0	4.1
Nasjonalt (Høst 2021)	168 594	154 799	76 041	18 558	4 590	15 152	4.1
Orre skule (Høst 2020) - 6. trinn	-	9	7	-	0	0	3.8

Ein kan også sjå at elevane på 5. og 6.trinn svarar at dei er meir motiverte enn elevane på 7.trinn. Det er vanskeleg å vite om elevane på 5. og 6.trinn har opplevd at tiltaka i større grad har virka på dei, eller om tiltaka har vore ulikt praktisert i dei ulike klassane. Ein kan dessverre ikkje vite om elevane på 5. og 6.trinn opplever seg meir motiverte enn dei gjorde året før, då desse elevane ikkje gjennomførte elevundersøkinga året før. Motivasjon er ei utfordring på Orre, som for landet.

Motivasjon							
Orre skule (Høst 2021) - 7. trinn	-	10	24	22	-	-	3.3
Orre skule (Høst 2021) - 6. trinn	0	-	-	23	-	-	3.7
Orre skule (Høst 2021) - 5. trinn	-	-	18	21	-	-	3.6
Nasjonalt (Høst 2021)	46 088	130 165	383 315	509 431	246 981	-	3.6

Oppsummering resultat

Resultata over er ikkje lette å tolke. Det er grunn til uro over det faglege nivået når ein ser på resultata på nasjonale prøver. Samtidig veit me at skulen har arbeidd godt og systematisk med grunnleggjande ferdigheiter på årets 5.trinn. Andre undersøkingar skulen har gjennomført syner også dette; det har vore god fagleg progresjon for elevane det gjelder.

Skulen er ikkje nøgd med resultata på elevundersøkinga på 7.trinn. Samtidig veit me at også dette trinnet har vore engasjerte i arbeidet med analyser og tiltak på elevundersøkinga, og at dei same tiltaka har blitt gjennomført på 7.trinn som dei andre trinna.

Resultata syner at det arbeidet skulen har lagt ned i forhold til lesing og systematikk i involvering og tiltak på elevundersøkinga har hatt effekt: det er betre resultat på dei områda skulen har hatt fokus.

Skulen vil halde fram med fokusområda *grunnleggjande ferdigheiter og inkluderande, praktisk og variert undervisning*. Skulen vil ha dei same måla som sist skuleår, men vil justere tiltaka.

I årets arbeid med elevundersøkinga har elevane kome fram til at dei vil ha fokus på indikatorane Motivasjon og Trygt miljø. Tiltak ein har foreslått under motivasjon er aktiv undervisning, kortare undervisningsøker og fleire skulerelaterte spel som Minecraft, Duolingo... I utviklingsplanen vil ein sjå dette under tiltak som Aktiv læring frå TL inn i klasserom, stasjonsundervisning og spel-appar for undervisning. Tiltak elevane har foreslått under Trygt miljø er at elevane skal velje kor dei skal sitte i klasserommet og at ein skal helse på kvarandre. I utviklingsplanen vil ein finne dette igjen under tiltak som «elevane får jamleg vere med å bestemme kor i klasserommet dei skal sitte», og under PALS: «me helsar på kvarandre, eg hjelper medelevar og vaksne, eg er raus, eg passar på at alle er inkludert».

Utviklingsområde 1: Inkluderende, praktisk og variert undervisning

Mål	Delmål	Tiltak	Vurdering av måloppnåing	Suksesskriterium	
Alle elevar på Orre skule skal ha eit inkluderande, praktisk og variert læringsmiljø	Elevane opplev gode, trygge og inkluderande sosiale aktivitetar i friminutta	<p>TL: halde fram med TL-aktivitetar i friminutt. Tydeleg og synleg plan for TL-aktivitetar i gangane. Opplæring av nye TL-instruktørar.</p> <p>PALS: Fokus på omsorg; me helsar på kvarandre, eg hjelper medelevar og vaksne, eg er raus, eg passar på at alle er inkludert</p>	<p><i>Klassetrivselsundersøking og elevundersøkinga:</i> skulen gjennomfører 4 undersøkingar i året: i samband med oppstart, etter elevundersøkinga med utgangspunkt i resultata (1-5.trinn som ei oppfølging etter den fyrste), og to i vår-halvåret.</p> <p><i>Elevsamtalar og utviklingssamtalar:</i> Mobbing skal alltid vere eit tema i samtalanane.</p>	Framgang i resultat på Elevundersøkinga i trivsel, lågare tal på mobbing	
	Elevane opplev gode, praktiske, trygge og inkluderande faglege aktivitetar i undervisning	TL-aktivitetar i klasserommet: aktiv læring	<p>Inkluderande undervisning: <i>PRUV</i> <i>Rike oppgåver</i></p> <p>Aktiv undervisning: stasjonsundervisning, skulerelaterte spel</p>	<p>Klassetrivselsundersøkinga og elevundersøkinga: Skulen gjennomfører ei undersøking i veke 7 som går på undervisning; <i>praktisk, relevant, utfordrande, variert</i></p> <p><i>Elevsamtalar og utviklingssamtalar:</i> Læringsmiljø skal alltid vere eit tema i samtalanane.</p>	Framgang i tal på trivsel og motivasjon
					Framgang i resultat på Elevundersøkinga i motivasjon, læringskultur og trivsel, lågare tal på mobbing
					Framgang i resultat på trivsel, læringsmiljø og motivasjon.
		Uteskule/praktisk dag: Alle klasser frå 1-4.trinn har undervisning ute i nærmiljøet. 5-7.trinn har praktisk dag der elevane vel kva aktivitet dei vil halde på med	Elevundersøkinga	Framgang i resultat på trivsel, læringsmiljø og motivasjon.	
Elevane opplever at dei blir tekne på alvor, og har reell innverknad på eigen skulekvardag	<p>Elevrådet er med i planlegging, gjennomføring og evaluering av resultat på Elevundersøkinga: felles ettermiddag med elevar, foreldre og lærarar.</p> <p>Elevane er aktivt med i planlegging og gjennomføring av undervisning.</p> <p>Elevane er aktivt med og vurderer eige arbeid.</p> <p>Elevane får jamleg vere med å bestemme kor i klasserommet dei skal sitte</p>	Elevundersøkinga	Framgang i resultat på elevundersøkinga i elevdemokrati og medverknad.		

Utviklingsområde 2: Grunnleggjande ferdigheiter

Mål	Delmål	Tiltak	Vurdering av måloppnåing	Suksesskriterium
Elevane skal auke kompetansen sin i dei grunnleggjande ferdigheitene: lesing og skriving	Lærarane har eit felles språk om lese- og skriveutvikling.	Vidareutvikla eit felles teorigrunnlag og felles forståing knytt til lese- og skriveutvikling (Teoridel i Språkplan som utg.pkt).	Formsundersøking med relevante spørsmål, gjennomførast hausten 2022 og våren 2023. Fast tema på avdelingsmøter.	<p>Færre elevar under kritisk grense på kartleggingsprøva i lesing på 1., 2. og 3.trinn.</p> <p>Færre på lågaste nivå, fleire på høgaste i Kartleggingsprøver 6. og 7.trinn</p> <p>Færre på lågaste nivå, fleire på høgaste nivå i nasjonal prøve lesing.</p> <p>Høgare score på støtte frå lærar.</p>
	Lærarane skal kjenna seg trygge i korleis dei rettleier elevane vidare i si lese- og skriveutviklinga, både på klasse-, gruppe- og individnivå.	Felles kompetanseheving i PU: tiltak på klasse/gruppe/individnivå	Fast tema på avdelingsmøter.	
	Lærarane skal vera trygge i si bruk av kartleggingsverktøy i arbeidet med å overvaka elevane si lese- og skriveutvikling. Dei skal vera trygge i kva kartleggingsverktøya seier noko om, og kva dei ikkje seier noko om	Felles førebuing og analyser etter gjennomføringar, kome fram til tiltak i fellesskap. Felles kompetanseheving i avdelingsmøte	Fagsamtalar lærar – leiing i forkant, undervegs og i etterkant av kartlegging	
	Sikra den systematikken og intensiteten kring arbeid med den første lese- og skriveopplæringa som krevst for at elevane skal oppleva meistring i lesing og skriving.	Intensiv opplæring blir i 1.klasse gitt gjennom «På sporet».	Evaluering undervegs i lag med På sporet-lærarar på 1.trinn i Kleppskulen og Lesesenteret.	
		På Sporet for dei elevane ein ser strevar på 2.trinn	Etterspør	
		På Sporet-systematikken blir også nytta i heil klasse på 1. og 2.trinn		
		Fast time i veka der ein arbeidar med leseforståing, på alle trinn. Alle lærarar skal få elevane sine «på øyra» jamleg.		
1t pr måned har ein kompetanseheving med andre tilsette slik at dei og kan kjenna seg trygge i å hjelpa elevane i si lese- og skriveutvikling.		Formsundersøking med relevante spørsmål, gjennomførast hausten 2022 og våren 2023.		
Alle klassar ha ein lesestund på grupperom. Her skal materiell og elevlister liggja klar. Ledige augneblink kan nyttast til å førleses med elevar 1:1.		Timeplanfesta kva tid ein skal nytte til dette Felles oppstart av leseperm på plandag		

